
Frå: Haakon Aase <haa-aase@online.no>
Send: mandag 21. januar 2019 18:01
Til: Eirik Bouwer Utne; 'Arnt Brakstad'; 'Bjørnar Langeland'
Emne: Elias-huset

Oppfølgingsflagg: Flag for follow up
Status for flagg: Fullført

Hei!

Eg har nett snakka med Roger Knutsen i Gamle 3Hus AS. Det er eit firma som har spisskompetanse på vurdering av eldre trebygningar og restaurering. Det kunne vera aktuelt for han, kom vi fram til, å ta ein tur for å sjå på huset og gjera seg opp ei meining om det er bryet og kostnaden verdt å gå vidare med ei meir omfattande tilstandsvurdering. Ei slik synfaring ville kosta ein 3 – 4 tusen kroner. Så spørsmålet er no om de synest det er ein god idé, og til Eirik om kommunen har høve til å betala for ei slik førebels vurdering.

For min del tenkjer eg at det ville vera eit godt grep for at vi etter kvart skal kunna danna oss eit skikkeleg grunnlag for vurdering av vidare steg i denne saka.

Beste helsing
Haakon